

Bergum burettslag

INNKALLING

GENERALFORSAMLING

22. april 2026

Kl. 18

Bomberommet i kjellaren i Bergum 1D

DAGSORDEN

SAK 01/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden

SAK 02/26 Tal røysteføre/andelar

SAK 03/26 Konstituering

- A. Val av møteleiar.
- B. Val av protokollfører.
- C. Val av to til å signere protokollen.
- D. Val av tellekorps.

SAK 04/26 Rapport frå styret 2025–2026

SAK 05/26 Årsrekneskapen for 2025

SAK 06/26 Styrehonorar for perioden 2025–2026

SAK 07/26 Val

- A. Val av nytt styre
- B. Val av ny valnemnd

SAK 08/26 Innkomne saker

SAKSUNDERLAG

SAK 01/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Framlegg til vedtak: Innkalling og dagsorden vert godkjent

SAK 02/26 Tal røysteføre/andelar

Framlegg til vedtak: Det er xx røysteføre/andelar i møtet.

SAK 03/26 Konstituering

A. Val av møteleiar.

Framlegg til vedtak: Thor Erlend Mehammer vert valt som møteleiar.

B. Val av protokollfører.

Framlegg til vedtak: Sara Hopland Bergset vert valt som protokollfører.

C. Val av to til å signere protokollen.

Framlegg til vedtak: xxxxx og xxxx vert valt til å signere protokollen i lag med møteleiar.

D. Val av tellekorps.

Framlegg til vedtak: xxxx, xxxx og xxxx vart valt som tellekorps.

SAK 04/26 Rapport frå styret 2025–2026

Det er ikkje lenger eit lovkrav å skrive årsberetning. Dette som følgje av ei endring i rekneskapsloven frå 2018. Styret har uansett valt å legge ved ein rapport om styrets arbeid. Rapporten ligg som vedlegg til innkallinga.

Framlegg til vedtak: Rapporten frå styret blir teken til vitende.

SAK 05/26 Årsrekneskapen for 2025

Revisor har ikkje fått høve til å revidere rekneskapen. Rekneskapen blir difor ettersendt. Det er mogleg at rekneskapen må bli godkjent i ei ekstraordinær generalforsamling.

Framlegg til vedtak:

SAK 06/26 Styrehonorar for perioden 2025–2026

(Alt av vederlag/honorar/godtgjersle til styret o.l. skal verte vedteken av generalforsamlinga jf. brl. § 8-4)

Generalforsamlinga skal vedta styrehonorar for perioden frå førre generalforsamling våren 2025 til og med ordinær generalforsamling 2026.

Råma gjeld òg styreleiar, men styreleiar har ein eigen avtale med burettslaget for perioden 2025–2026, vedteken i generalforsamlinga i 2025, som gir styreleiar 4 utbetalingar i perioden 2025–2026 på totalt 100 000 kr, med siste utbetaling etter endt generalforsamling i 2026.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga vedtek ei øvre råme på 200 000 kr for perioden 2024–2025. Styret må halde seg til denne råma i si fordeling av honorar og møtegodtgjersle. Honorar og møtegodtgjersle skal ikkje overstige råma.

SAK 07/26 Val

A. Val av nytt styre

Styret slik det er samansett i dag:

Rolle	Namn	Periode	Status
Styreleiar	Thor Erlend Mehammer	2025–2026	Er på val (ynskjer ikkje attval)
Nestleiar	Sissel Ekroll	2024–2026	Er på val (ynskjer attval)
Medlem	Sara Hopland Bergset	2025–2027	Ikkje på val
Vara	Petra Celic	2025–2026	Er på val
Vara	Ana Vidosevic	2025–2026	Er på val
Vara	Luciana Sri Rejeki	2025–2026	Er på val

Valnemnda si innstilling til nytt styre:

Innstillinga frå valnemnda blir ettersendt.

Styret konstituera sjølv nestleiar og rekkefølga på varamedlemmene.

B. Val av ny valnemnd

Valnemnda slik den er samansett i dag:

Rolf Helge Myren, Attval

Viljar Falkenstein, ny

Innstilling til ny valnemnd:

Innstillinga frå valnemnda blir ettersendt.

SAK 08/26 Innkomne saker

Ingen innkomne saker.

Fullmakt til andre enn deg sjølv

Send ein e-post til bergum@styremail.no der du skriv namn på den du gir fullmakt til å møte i ditt stad på generalforsamlinga.

Ein fullmakt kan også leverast skriftleg på papir, som vert levert møteleiar i forsamlinga.

Forslag til kva du kan skrive:

Hei!

Eg gir med dette NAMN NAMNESEN fullmakt til å møte i mitt stad med røysterett på generalforsamlinga 22. april 2026.

RAPPORT OM STYRETS ARBEID

Bergum burettslag

Perioden 2025–2026

Generalforsamlinga

Bergum burettslag heldt generalforsamlinga 24. april 2025 i bomberommet i Bergum 1D.

Følgjande styre blei valt i generalforsamlinga:

Rolle	Namn	Periode	Status
Styreleiar	Thor Erlend Mehammer	2025–2026	Attval
Nestleiar	Sissel Ekroll	2024–2026	Ikkje på val
Medlem	Sara Hopland Bergset	2025–2027	Ny
Vara	Petra Celic	2025–2026	Ny
Vara	Ana Vidosevic	2025–2026	Ny
Vara	Luciana Sri Rejeki	2025–2026	Ny

Møteverksemd

Sidan førre ordinære generalforsamling 24. april 2025 har styret hatt 7 styremøte. I desse møta er det handsama totalt 43 saker, der 7 har vore knytte til godkjenning av nye andelseigarar.

I tillegg til formelle styremøte har styret hatt tett og løpande dialog via Messenger. Her er det gjort fortløpande vedtak i høve viktige driftstiltak, oppfølging av leverandørar og nødvendige installasjonar. Alle varamedlemmer er inkluderte i Messenger-gruppa, men det har primært vore 1. varamedlem som har motteke innkalling og deltatt fast på styremøta.

Den 4. november arrangerte styret ein ekstraordinær generalforsamling. Hovudsaka var vedtak av ny revisor, etter at PwC hadde omorganisert verksemda si og gått over til selskapet Tell AS (tidlegare PwC Assurance AS).

Viktige oppgåver og tiltak i perioden

Overgang til ny forretningsfører

Frå 1. mai gjekk burettslaget over til ny forretningsfører. Avtalen med BOB vart sagt opp, og ny avtale med Agio vart inngått. Overgangen har vore arbeidskrevjande og prega av mykje dialog mellom BOB, Agio og styret, særleg i den innleiande fasen.

Eit av dei mest krevjande områda har vore overgang til nytt budsjettssystem. Dette har kravd ekstra innsats og fleire arbeidsdagar frå styret, men vi opplever no at systemet gir betre oversikt og meir effektiv økonomistyring.

Ny byggdrifteravtale

Styret har inngått ny byggdrifteravtale med Servicealliansen. Avtalen omfattar drift og oppfølging av tekniske anlegg og bygningsmasse, med særskilt fokus på varmeanlegg, ventilasjon, elektriske anlegg og røyr. Servicealliansen følgjer òg opp eksisterande serviceavtalar og hentar inn nye tilbod ved behov, slik at burettslaget til ei kvar tid har best mogleg løysingar.

Forbetring av låneavtale

I samarbeid med Agio har styret henta inn tilbod på ny og betre låneavtale frå DNB Bank ASA. SpareBank 1 Sogn og Fjordane, som er vår eksisterande bank, valde å matche tilbodet. Dette resulterte i ein reduksjon i renta på nær 1 prosentpoeng, noko som gir ei betydeleg innsparing for burettslaget.

Ny revisoravtale

Styret, i samarbeid med Agio, har henta inn tilbod på ny revisoravtale. Alfa Revisjon leverte eit konkurransedyktig tilbod, men Tell AS valde å kome med eit endå betre tilbod for å behalde oss som kunde. Styret vurderer dette som eit godt resultat av ein grundig prosess.

Forbetring av forsikringsavtale

Det er også gjort ei gjennomgang av forsikringsavtalen. Her fekk vi eit vesentleg betre tilbod frå Gjensidige Forsikring samanlikna med eksisterande avtale hos IF Forsikring. Den nye avtalen inneber ei årleg innsparing på 26 361 kroner, utan at dette går på kostnad av dekningane.

Installasjon av nye stoppekrantar for vatn

I dag blir vatnet i dei ulike oppgangane stengt via stoppekrantar inne i einskilde leilegheiter. Styret har vurdert dette som ein risiko ved vasslekkasjar, då det ikkje alltid er mogleg å få tilgang til aktuelle leilegheiter raskt nok.

Styret har over fleire år arbeidd målretta med å styrkje tryggleiken i burettslaget, mellom anna knytt til vasslekkasjar, brann og helse. Våren 2026 er det sett i gang arbeid med installasjon av nye stoppekrantar i kvar oppgang. Første fase omfattar blokk 3. Tiltaket vil gi betre tilgang til å stenge vatn ved lekkasjar og ved oppussingsarbeid.

Tiltak på uteområdet

Nestleiar Sissel Ekroll har lagt ned ein stor innsats for å løfte uteområdet, i tett samarbeid med Kristian Østerbø Gåsemyr som bur i burettslaget. Det er mellom anna installert ein ny robotklippar, slik at burettslaget no har to slike i drift. I tillegg er det gjort fleire mindre og større tiltak som samla sett har bidrege til eit tydeleg løft av uteområda.

Vask av fasade og førebyggjande tiltak

Styret har innhenta tilbod på fasadevask, med mål om å få gjennomført dette før sommaren. Samstundes blir det arbeidd med utviding av beslag langs taket. Føremålet er å redusere tilsmussing av fasadeplatene, slik at behovet for hyppig fasadevask kan bli mindre. I dag viser erfaringa at fasaden må vaskast annakvart år, der kvar vask kostar over 100 000 kroner.

Avslutning

Det har blitt gjennomført svært mykje arbeid i styreåret, og styret er godt nøgd med utviklinga. Overgangen til ny forretningsfører har vore særleg krevjande, men styret opplever at dette har vore vel verdt innsatsen, både økonomisk og driftsmessig. Styret meiner at burettslaget no står betre rusta for vidare drift og framtidige utfordringar.

Beste helsing

Styret